



## Bjerkreim kommune

Saksbehandlar Gerd Siqveland Engelsgjerd landbrukssjef  
ArkivsakID: 20/405  
Arkivkode: FE-242

### Ekstraordinære Covid-19-midler til kommunalt næringsfond: Kva for politisk utval skal behandla søknadene, og kva tildelingskriteriar vil ein leggja vekt på?

Saksnummer	Utval	Møtedato
056/20	Kommunestyret	01.09.2020

#### Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner at mynde til å avgjera søknader etter «Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følgje av covid-19-utbruddet» fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet den 30.06.20, vert delegert til LMT-utvalet.
2. Bjerkreim kommune ved LMT-utvalet skal løyva tilskot etter føringane i forskrifta av 30.06.20, med særleg vekt på:
  - I kor stor grad tiltaket vil skapa auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping ut frå lokale utfordringar, behov og potensial
  - I kor stor grad ein kan rekna med at bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak vil motverka negative konsekvenar av covid-19-utbrotet
  - Kor raskt tiltaket kan setjast i gong
  - I tillegg vil Bjerkreim kommune vektleggja næringar som er eller står i umiddelbar fare for å verta, særleg hardt ramma som følgje av virusutbruddet.
  - Bjerkreim kommune vil også prioritera små- og mellomstore bedrifter, og dei som har motteke lite eller inga anna offentleg støtte pga virusutbruddet.
3. Det er eit vilkår at søkjar/firma/næringsaktør må ha forretningsadresse i Bjerkreim kommune. Rekneskapet for dei 2 siste åra skal leggjast med søknaden.

#### 01.09.2020 Kommunestyret

Rådmannen sitt forslag ble enstemmig vedtatt.

#### KST- 056/20 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner at mynde til å avgjera søknader etter «Midlertidig forskrift om tilskudd til kommunale næringsfond som følgje av covid-19-utbruddet» fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet den 30.06.20, vert delegert til LMT-utvalet.

2. Bjerkreim kommune ved LMT-utvalet skal løyva tilskot etter føringane i forskrifta av 30.06.20, med særleg vekt på:
  - I kor stor grad tiltaket vil skapa auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping ut frå lokale utfordringar, behov og potensial
  - I kor stor grad ein kan rekna med at bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak vil motverka negative konsekvenar av covid-19-utbrotet
  - Kor raskt tiltaket kan setjast i gong
  - I tillegg vil Bjerkreim kommune vektleggja næringar som er eller står i umiddelbar fare for å verta, særleg hardt ramma som følgje av virusutbruddet.
  - Bjerkreim kommune vil også prioritera små- og mellomstore bedrifter, og dei som har motteke lite eller inga anna offentleg støtte pga virusutbruddet.
3. Det er eit vilkår at søkjar/firma/næringsaktør må ha forretningsadresse i Bjerkreim kommune. Rekneskapet for dei 2 siste åra skal leggjast med søknaden.

# Ekstraordinære Covid-19-midler til kommunalt næringsfond: Kva for politisk utval skal behandla søknadene, og kva tildelingskriteriar vil ein leggja vekt på?

## Saka gjeld:

Bjerkreim kommune har fått tildelt **kr 746 782** til eit kommunalt næringsfond som skal gå til ulike tiltak som fremjar aktivitet, sysselsetting og verdiskaping. Målet er at midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og andre næringsretta tiltak, som kommunen meiner er viktig for å kunna motverka negative konsekvensar av koronavirusutbruddet. Ein må no ta stilling til kven som skal behandla søknadene, og kva kriterie som skal vektleggjast ved tildeling av tilskot.

## Faktiske opplysningar:

Etter budsjettforslag frå Regjeringa vedtok Stortinget den 19. juni ein krisepakke - fase 3, ved å løyva 600 millionar kroner til kommunale næringsfond. Dette er ekstraordinære eingongsmidler gitt som følgje av covid-19-utbrotet. Rogaland fylkeskommune har fordelt heile potten på 32,2 mill. på alle kommunane i fylket; jfr. vedlegg. Bjerkreim har fått om lag kr 750 000 kr til fordeling. Midlane skal setja kommunane i stand til å leggja til rette for auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping ut frå lokale utfordringar, behov og potensial.

## Kven kan søkja om støtte og til kva?

Etter § 2 i vedlagt midlertidig forskrift om tilskot til kommunale næringsfond fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet/KMD den 30.06.20, er målgruppa for midlane bedrifter, etablerarar og næringsaktørar. Med næringsaktør meiner ein aktør som legg til rette for og/eller gir støtte til næringsutvikling. Kommunane kan unntaksvis tildela midlar til eigne tiltak som oppfyller føremålet.

Midlane skal nyttast til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunen meiner er viktig for å motverka negative konsekvensar av koronavirusutbrotet. Tildelinga til bedrifter må følgja regelverket om offentleg støtte, der bedriftsstøtte kan gjevast etter reglar for bagatellmessig støtte.

## Korleis søkja?

Søknader skal registrerast og sendast inn gjennom regionalforvaltning.no, som er eit fag-system spesielt tilrettelagt for tilskotsforvaltning. Kommunane skal også nytta systemet ved kunngjering av tilskotsordninga og til rapportering. Her får ein tilgang til ein søknadsmal/skjema når ein har registrert bedrifta. Søkjar skal bl.a. oppgi kontaktopplysningar, kor prosjektet/tiltaket skal gjennomførast, kor stor bedrifta er, utgreiing om prosjektet/tiltaket, bl.a. mål og start-/sluttdato, målgruppe, og informasjon om budsjett. Det må også gjerast greie for om det på søknadstidspunktet er mottatt anna offentleg støtte inneverande og dei to siste rekneskapsåra.

## Vurdering av søknader

I vurderinga av søknadene om tilskot skal det etter § 2 i forskrifta leggjast særleg vekt på:

- a. I kor stor grad tiltaket vil skapa auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping ut frå lokale utfordringar, behov og potensial
- b. I kor stor grad ein kan rekna med at bedriftsretta tiltak, tilskot til etablerarar og andre næringsretta tiltak vil motverka negative konsekvensar av covid-19-utbrotet
- c. Kor raskt tiltaket kan setjast i gong

Etter § 3 kan samla tilskot frå næringsfondet som hovudregel ikkje overstiga 50 % av

prosjektet sitt kapitalbehov, og det skal aldri overstiga 75 %.

### **Vurderingar:**

Det er veldig positivt at Bjerkreim kommune har fått nesten 750.000 kr til eit kommunalt næringsfond, for å motverka negative konsekvensar av covid-19-situasjonen. Rogaland fylkeskommune valgte eit relativt høgt grunnbeløp med 700.000 kr/kommune, for å ta høgde for at covid-19 rammar alle. Resten av støtta vart fordelt etter andel innbyggjarar i kommunen, og etter talet på arbeidsledige.

Stortinget har som følgje av covid-19-utbrotet oppretta fleire ulike støtteordningar. Dette er den første som kommunane har fått ansvar med å administrera. LMT-utvalet har i mange år hatt mynde til å avgjera søknader om tilskot frå næringsfondet til nyetableringar og vidareutvikling av firma. Dette er eit kraftfond med eigne retningslinjer, som kommunen årleg får tilført inntekter på 60 – 80.000 kr av 4 energiselskap som vi er medeigarar i. Rådmannen vil derfor tilrå at LMT-utvalet får mynde til å avgjera søknadene om tilskot gjennom dette ekstraordinære kommunale næringsfondet.

LMT-utvalet skal løyva tilskot etter føringane i forskrifta av 30.06.20. KMD har i vedlagt brev datert 22.06.20 presisert at støtta skal prioritera kommunar som er eller står i umiddelbar fare for å verta, særleg hardt ramma som følgje av virusutbruddet. Det kan t.d. vera vintersportstader kor store delar av næringslivet har fått sterkt redusert omsetning pga covid-19-situasjonen, og reiselivsavhengige kommunar. Rådmannen vil tilrå at Bjerkreim kommune prioriterer søknader frå desse næringane. Han ynskjer også at ein prioriterer små- og mellomstore bedrifter, og dei som har motteke lite eller inga anna offentleg støtte pga virusutbruddet.

Det kan til dømes gjevast støtte til marknadsføring, mindre investeringar, opplæring, produktutvikling og nyetableringar. Rådmannen vil presisera at det sjølv sagt må vera eit krav at søkjar/firma/næringsaktør må ha forretningsadresse i Bjerkreim kommune. Ein bør også setja krav at rekneskapet for dei 2 siste åra skal leggast med søknaden.

Det er viktig med god marknadsføring slik at alle aktuelle søkjarar vert kjent med tilskotsordninga. Ein vil informera bl.a. på kommunen si nett- og facebook-side, Bjerkreimsnytt og lokalavisa. Det er heilt umogeleg å seia kor mange søknader vi vil motta, men målet er å løyva tilskot til gode prosjekt så snart som råd, og seinast innan 01.12.20. Rådmannen vil tilrå at ein set 1. oktober som søknadsfrist, med behandling og løyving av tilskot i LMT-utvalet sitt møte den 23. oktober. Viss det framleis er midlar igjen, er ny søknadsfrist 1. nov. med løyving i LMT-møtet den 25.11.20.

### **Vedlegg:**

Dok.nr	Tittel på vedlegg
222521	Oppdragsbrev Rogaland fylkeskommune - tilskudd til kommuna(1218515)
222520	Styrking av kommunale næringsfond, Rogaland
224271	Forskrift kommunale næringsfond